



## KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møte: 15. desember 2015 kl. 10.00 – 14.45  
Stad: Dampen kontorbygg, Knarvik  
Tilstade: Peder Jøsendal (leiar), Rolf Henning Hegland (nestleiar), Kåre Helge Østrem,  
Anne Kristin Tonning og Rebecca Duesund Fjeldsbø  
Forfall:  
Innkalla:  
Frå revisjonen: Gunnar Husebø og Merete Solheim Larsen (Deloitte)  
Sekretær: Tonje Husum Aarland

---

### 50/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

### 51/15 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå sist møte er godkjent.

### 52/15 Skriv og meldingar

- Forslag til budsjett for kontrollutvalet for 2016

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til etterretning.

### 53/15 Planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Saksvedlegg: Prosjektplan frå revisjonen: «Overordna analysar og planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll»

Kontrollutvalet bad i sist møte i kontrollutvalet sekretariatet å ta kontakt med Deloitte angående plan for forvaltningsrevisjon, slik at ein kunne komme i gang med arbeidet tidleg.

Gunnar Husebø og Merete Solheim Larsen frå revisjonen (Deloitte) orienterte om revisjonen sitt arbeid og kontrollutvalet sin rolle i arbeidet med forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Revisjonen la fram prosjektplan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll og orienterte kontrollutvalet korleis prosessen fungerer og kva planar som ligg til grunn.



**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtar prosjektplan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, og bestiller av revisjonen overordna analyse, en prosessen til grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon, slik at dette arbeidet kan starte så snart som mogleg.

**54/15 Risikoanalyse innanfor kommunen sine ansvarsområder**

Kontrollutvalet fekk delta i revisjonen sin prosess for å finne risiko innanfor kommunen sine ansvarsområder. Risikoidentifisering er ein viktig føresetnad for plan for forvaltningsrevisjon, og identifiseringa ga grunnlag for diskusjon i kontrollutvalet.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for prosessen, og setter pris på å bli involvert på denne måten i arbeidet med overordna analyse.

**55/15 Selskapskontroll**

Revisjonen orienterte korleis selskapskontroll fungerer og korleis dette har vore gjort tidlegare, og la fram ei oversikt over ulike selskap som kommunen eiger i ulik grad. Lindås kommune eiger to selskap 100%: Lindås tomteselskap og Knarvik industri og miljø as.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for prosessen, og setter pris på å bli involvert på denne måten i arbeidet med plan for selskapskontroll.

**56/15 Møteplan for 2016**

Saksvedlegg: Forslag til møteplan for 2016.

Kontrollutvalet diskuterte det framlagte forslaget til aktuelle saker og planlagde møtedatoar.

Når saklista for det einskilde møte vert satt opp, vurderer leiar og sekretær om det eventuelt er andre saker som kontrollutvalet bør prioritere.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtok møteplan for 2016 slik den ligg føre. Dei planlagde møta i kontrollutvalet i 2016 vert

**57/15 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**



Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

#### 58/15 Eventuelt

- **Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016**

Planen for forvaltningsrevisjon for 2012 – 2016 vart diskutert i møtet. Punkt åtte i planen, «Forvaltningsrevisjon av kvalitetssystem / internkontroll» er ikkje utført forvaltningsrevisjon av.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 bestille forslag til prosjektplan for «forvaltningsrevisjon av kvalitetssystem / internkontroll».

Neste møte i kontrollutvalet er 17. februar.

Aktuelle saker er:

- Ansvar, oppgåver og organisering – kontrollutvalet
- Taushetsplikt

Knarvik 15.12.2015

*Peder Jøsendal*  
Peder Jøsendal, leiar

*Tonje Husum Aarland*  
Tonje Husum Aarland, sekretær

